

Referat frå årsmøtet i Bondeungdomslaget i Molde

Tid: Onsdag 10. desember 2008.
Stad: Reknes Ungdomshus.
Til stades: 13 medlemmer.

1. Formalitetar

Kirsten Aure frå arbeidsutvalet (AU) opna møtet. Innkallinga vart godkjend. Møtet valde desse funksjonane:

Møteleiar: Lars Staurset
Referentar: Byrge Fitje og Irene Møllersen Bell
Protokollunderskrivarar: Atle Bell og Bente Myklebust

2. Årsmeldingar

Kirsten Aure refererte årsmeldinga frå AU. Årsmeldinga var lagt ut i salen. Det vart notert 1 endring. Under revisorar skal det stå at Atle Bell har vore personleg varamedlem for Bente Dyrnes Aarø.

Med denne endringa vart årsmeldinga godkjend.

Sylvfest Bell las årsmeldinga frå hyttenemnda. Årsmeldinga var lagt ut i salen. Årsmeldinga vart godkjend utan merknad.

3. Orientering om Reknes Ungdomshus

Byrge Fitje orienterte om Reknes ungdomshus

4. Rekneskap for 2008

Arild Horrstad gjekk gjennom hovudtrekka i rekneskapen og svara på spørsmål. Rekneskapen vart godkjend utan merknader under føresetnad av at revisor tilrår rekneskapen godkjend.

Årsmøtet tok pause og mat vart servert.

5. Medlemspengar

Til sak 5 hadde AU eit forslag om å auke medlemspengane frå kr 250 per år til kr 300 per år. Frå salen kom det forslag om å halde medlemspengane på kr 250 per år. Forslaget frå AU vart vedteke med 10 stemmer for, 1 stemme mot og 2 blanke.

6. Budsjett

Budsjettforslaget frå AU var lagt ut, og Randi Reppe Bell presenterte forslaget. Budsjettet vart vedteke utan merknader.

7. Val

I samband med at Bondeungdomslaget i Molde skal registrerast i einingsregisteret i Brønnøysund, skal leiar og kasserar i arbeidsutvalet og kasserar i hyttenemnda ha signaturrett.

Atle Bell la fram innstilling frå valnemnda.

Arbeidsutvalet (AU)

Leiar: Lars Staurset

Kirsten Aure

Noralv Bell

Bente Myklebust

Vara: Torill Steien

Alle desse vart valde for eitt år. AU konstituerer seg sjølv.

Hyttenevnda

Noralv Bell (2 år)

Sylfest Bell (2 år)

Vara: Åse Marie Longva (1 år)

Desse vart valde.

Nemnda konstituerer seg sjølv.

Arild Horrstad og Ingeborg Kleivset var ikkje på val. I tillegg er Svein Solbjørg utleigesjef, og er heller ikkje på val.

Revisorar

Arild Jacobsen (vara: Frøydis Austigard) og Bente Dyrnes Aarø (vara: Atle Bell).

Dette vart vedteke.

Valnemnd

Randi Reppe Bell og Anne Karin Heggem.

Dette vart vedteke.


8. Takk og ære

Ved møteslutt vart det delt ut påskjøningar:


Gåvekort og blomster til danserettleiar Irene Møllersen Bell.

Blomster til rekneskapsførar Arild Horrstad, Byrge Fitje og AU.

Molde desember 2008


Byrge Fitje
(referent)


Atle Bell


Irene Møllersen Bell
(referent)


Bente Myklebust